

OKTOBER 2018

PLANSKILDING
DETALJREGULERING AV
RUNDKØYRING OG
FJELLREDNINGSSENTER,
HOVEN AUST, BYKLE
KOMMUNE

OKTOBER 2018

PLANSKILDING DETALJREGULERING AV RUNDKØYRING OG FJELLREDNINGSSENTER, HOVEN AUST, BYKLE KOMMUNE

PLANID: 201707

OPPDRAGSNR. A053188
DOKUMENTNR. 1.0
VERSION 1.0
UTGIVELSESDATO 05.10.2018
UTARBEIDET MSFO
KONTROLLERT
GODKJENT

INNHOOLD

1	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn	3
2	Prosess og medvirkning	4
2.1	Framdrift	4
2.2	Medvirkningsprosessen, varsel om oppstart	4
3	Gjeldande planer og føringer	5
4	Dagens situasjon	11
4.1	Beliggenhet og avgrensning	11
4.2	Eigarforhold	11
4.3	Dagens arealbruk og tilstøtande arealbruk	12
4.4	Stedets karakter	12
4.5	Natur og landskap	13
4.6	Flaum-, erosjon- og skredfare	14
4.7	Kulturminne og kulturmiljø	17
4.8	Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområder	19
4.9	Trafikkforhald og kollektivtransport	19
4.10	Offentlige funksjoner	20
4.11	Barns interesser og sosial infrastruktur	21
5	Planforslag	22
5.1	Formål	22
5.2	Arealbruk	22
6	Konsekvenser av foreslåtte tiltak	27
6.1	Generelt	27
6.2	Landskap	27
6.3	Naturmangfold	27
6.4	Kulturminner	28
6.5	Teknisk infrastruktur	28
6.6	Barn og unges interesser	28
6.7	Risiko og sårbarhet	28
6.8	Økonomiske konsekvenser for kommunen	29
6.9	Avveging av verknader	29
7	Planprosess	30
7.1	Innkomne innspill og merknader	30

Vedlegg:

- 01 Plankart
- 02 Reguleringføresegn
- 03 ROS analyse
- 04 Innkomne merknader
- 05 Tekniske tekningar

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Hovudsiktemålet med planen er å leggje til rette for ny rundkøyring og fjellredningssenter med ny brannstasjon, garsasje for løypemaskinar og arealar for Røde Kors. Det skal også disponerast areal til offentleg parkering for skiløpar og turterreng, og ein skal finne erstatningstomtar for dei fritidsbustadane som blir påverka, og regulere areal til fritidsbustadar. Ein skal take omsyn til skiløypetrasear gjennom området og sikre vedlikehald av desse gjennom å avsette område for skianlegg.

2 Prosess og medvirkning

Reguleringsplanen er utarbeida som ein detaljreguleringsplan jf. Plan- og bygningsloven av 2008 § 12-3. Arealformål og omsynssonar er angitt i henhold til PBL §§ 12-5 og 12-6. Føresegna i reguleringsplanen er utarbeida i henhold til PBL. §12-7. Dette dokumentet, planskilringa, er utarbeida etter PBL. § 4-2.

2.1 Framdrift

Varsel om igangsetting av planarbeid / frist for uttale	8.april 2017 / 10.mai 2017
Innsending av forslag til 1. gangsbehandling	Haust 2018
1. gangsbehandling (antatt)	Haust 2018
Offentlig ettersyn (6 uker)	Haust 2018
2. gangsbehandling (antatt)	Vinter 2019
Kommunestyrevedtak (antatt)	Vinter 2019

2.2 Medvirkningsprosessen, varsel om oppstart

I Plan- og bygningsloven § 12-8 blir det stilt krav til informasjon og medverknad.

Den 8.april 2017 blei det varsla oppstart av planarbeid. Parter ble varsla pr. brev, i tillegg ble det lagt ut annonse på Bykle kommunes heimesider, samt varslet i Setesdølen og Fedrelandsvennen. Annonsa kom med oppfordring til rørte parter og interesserte om å komme med innspel og merknader til planarbeidet. Frist for å kome med innspell og merknader var sett til 10.mai 2017. Det vart gjeven utsett frist for nokre offentlige instansar.

Ein har hatt tett dialog med grunneigerar og kommunen som eigar. I tillegg har ein hatt møte og dialog med Statens vegvesen i forhold til rundkøyringa.

3 Gjeldande planer og føringer

3.1.1 Statlige føringer

- › Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging
- › Rikspolitiske retningslinjer for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga
- › Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- › Rikspolitiske retningslinjer om "tilgjengelighet for alle", rundskriv T5/99
- › T-1459 "Grad av utnytting"
- › St.meld. nr. 29 (1996-1997): Om regional planlegging og arealpolitikk
- › St.meld. nr. 39 (200-2001): Friluftsliv. En veg til høyere livskvalitet
- › St.meld. nr. 23 (2001 – 2002): Bedre miljø i byer og tettsteder
- › St. meld. nr. 16 (2004-2005): Leve med kulturminner
- › St. meld. nr. 26 (2006-2007): Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- › St. meld. nr. 34 (2006-2007): Norsk klimapolitikk
- › St. meld. nr. 22 (2007-2008): Samfunnsikkerhet, samvirke og samordning

3.1.2 Kommuneplanar

- › Kommuneplanen for Bykle kommune, 2010 – 2022 (samfunnsdelen):


Kommuneplanens samfunnsdel skal behandle langsiktige utfordringar, vere eit styringsverktøy for kommunesamfunnet som heilhet og samordne planar for ulike sektorar. I forhold til utbygging, skal kommuneplanen legge til rette for ei bærekraftig utnytting av areal til bustadbygging, fritidsbustadar og næring.

- › Kommuneplan for Bykle kommune (arealdel), 2010-2022

Kommuneplanens arealdel er ein oversiktsplan som viser rammer for arealbruken i kommunen og er ein juridisk bindande plan for Bykle kommune. Mål, visjoner og strategiar frå samfunnsdelen skal følgast opp i kommuneplanens arealdel. Det gjeld både i føremål i reguleringsplankartet og føresegn til dei ulike arealkategoriene. Arealdelen skal vise sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.


- › Kommunedelplan for Hovden, 2013-2025

Kommunedelplanen for Hovden er ein detaljering av kommuneplanen. Formålet med planen er å disponere areal og ressurser på Hovden slik at framtidige generasjoner får gode vilkår til å leve, bu og drive næring. Turisme er vektlagt som den viktigste næringa og ein av hovudmålsettingene med planen er å" *forsterke og viareutvikle turisme som næring på Hovden*". I *kommunedelplanen er planområdet satt av til kombinert bebyggelse og anleggsformål, veg, parkering, offentlig og privat tenesteyting, grønstruktur og landbruk-, natur- og friluftsområde (LNRF). Bandleggingssone H730 (kulturminne*




Figur 1: Utsnitt frå Hovden kommunedelplan 2013-2025, planavgrensing i rødt (Kilde: Bykle.kommune.no)

3.1.3 Reguleringsplaner




Figur 1: **Arealformål som ikke blir endra:** SGS (Gang-/sykkelveg) blir det same formålet med same areal. **Arealformål som endras:** Sav (annan veggrunn-grøntareal) har i gjeldande reguleringsplan eit areal på ca. 250 m². Av dette arealet vil ca. 125 m² omreguleras til SKH (Kollektivholdeplass) i forslaget til den nye reguleringsplanen. Dei resterande 125 m² vil forbli annan veggrunn-grøntareal (SVG).



Figur 2 **Arealformål som blir endra:** Dei ca. 15 m² som i gjeldane reguleringsplan var avsatt til Fritidsbustad, leilighet (FL1), er i ny reguleringsplan omregulert. Tilnærma 5 m² omreguleres til Skiløypetrasè (BST), og dei resterande 10 m² omreguleres til Annan veggrunn-grøntareal (SVG). I den gjeldene reguleringsplanen var ca. 1 365 m² regulert til Forretning/Kontor/Fritidsbustader. Dette omreguleres til Skiløypetrasè (BST), Gang-/sykkelveg (SGS), Annan veggrunn-teknisk anlegg (SVT) og Annan veggrunn-grøntareal (SVG). Det som i gjeldane reguleringsplan er regulert som Gang-/sykkelveg utgjør om lag 140 m². Noko av arealet forblir Gang-/sykkelveg (SGS) i forslag til ny reguleringsplan. Resten av areala omreguleres til Køyreveg (SKV). I den gjeldane reguleringsplanen er ca. 190 m² regulert til Privat veg. Desse omreguleres til Gang-/sykkelveg (SGS), Skiløypetrasè (BST), Annan veggrunn-teknisk anlegg (SVT) og Annan veggrunn-grøntareal (SVG). I gjeldene reguleringsplan, reguleres ca. 345 m² til Annan veggrunn. I forslag til ny reguleringsplan, blir dette omregulert til Køyreveg (SKV), Gang-/sykkelveg (SGS) og Skiløypetrasè (BST). Det resterande arealet forblir Annan veggrunn både grøntanlegg og teknisk anlegg.

+




Figur 4. **Arealformål som blir endra:** I gjeldane reguleringsplan er 27 000 m² avsatt til Parkeringsplass. Dette arealet er i forslag til ny reguleringsplan omregulert til Annan Veggrunn-grøntareal (SVG), Gang-/sykkelveg (GSG), Fritidsbusetnad (BFR), Garasjeanlegg for bustader-/fritidsbusetnad (BG), Grøntstruktur (G) og Offentleg eller privat tenesteyting (BOP). Resterande areal er fortsatt regulert til Parkeringsplassar (SPP). Ca. 1 400 m² er i gjeldene reguleringsplan avsatt til rosa arealformål. Dette kan være Kommunalteknisk anlegg eller Vann og avløpsanlegg. Dette er i nytt forslag til reguleringsplan omregulert til Offentleg eller privat tenesteyting (BOP), Køyreveg (SKV) og Annan veggrunn-grøntareal (SVG). Ca. 1 220 m² er regulert til Annan veggrunn i gjeldane reguleringsplan. I det nye forslaget omreguleres noko av arealet til Gang-/sykkelveg (SGS) og Køyreveg (SKV). Det resterande arealet blir regulert til Annan veggrunn- både som teknisk anlegg og grønt areal. Ca. 470 m² er regulert til Køyreveg i gjeldane reguleringsplan. Noko av dette arealet omreguleras til Annan veggrunn-teknisk anlegg (SVT), Annan veggrunn- grøntareal (SVG) og Gang-/sykkelveg (SGS). Det resterande arealet blir regulert som Køyreveg i forslag til ny reguleringsplan. Omkring 900 m² er regulert til Gang-/sykkelveg. Det arealet som ikkje blir regulert til Gang-/sykkelveg, omreguleras til Køyreveg (SKV) og Annan veggrunn-grøntareal (SVG). Ca. 500 m² er sett av til turveg i gjeldane reguleringsplan. Dette omreguleras i si heilhet til Skianlegg (BSA) og Skiløypetrasè (BST). Ca. 1 000 m² er avsatt til Privat veg. Dette omreguleras til Køyreveg (SKV), Grøntstruktur (G), Fritidsbusetnad (BFR) og Annan veggrunn-teknisk anlegg (SVT).

4 Dagens situasjon

Dette kapittelet omhandler planområdet slik det framstår i dag.

4.1 Beliggenhet og avgrensning

Planområdet ligger ca 850m. nord-aust for Hovden sentrum og 950 m. aust for Hovden skisenter. Planens avgrensning omfattar eit område på ca. 65 daa.



Figur 6: Planområdets beliggenhet (Kilde: kartverket.no)

4.2 Eigarforhold

Planområdet som berøres av planarbeidet omfattar eigedommane gnr/bnr 2/1, 2/6, 2/33, 2/48, 2/66, 2/130, 2/158, 2/486, 600/9 og 601/341.

4.3 Dagens arealbruk og tilstøtende arealbruk

Planområdet består i hovudsak av parkeringsplassar, spredt fritidsbustadar, vegar og grøntstruktur.

Planområdet inneheld i dag 3 hytter og ein garasje samt eit bygg for renovasjon. Planområdet grenser i nord mot Riksveg 9 og Skisentreveren, i nord-aust mot ein bekk frå Hartevasllia.



Figur 6: Eksisterende hyttebebyggelse innenfor området (Kilde: eget foto)

4.4 Stedets karakter


Hovden er eit av dei mest besøkte og attraktive turist- og reiselivdestinasjonene i Agder-regionen, særskild på vinterstid. Området er prega av flott høgfjellsnatur og aktivitetar knyttet til langrenn og alpint. Hovden alpintenter ligger 950 m vest for planområdet. Alpintenteret har 34 km med løyper, to 4 seters ekspressheiser, fem skitrekk og en 2 seters heis. I tillegg er det eit omfattende ski- og løypenett på 170 km som prepareres om vinteren som ligg gjennom planområdet. Hovden badeland blir nytta av fastboende, hytteeigarar og andre turister.

Planområdet ligg ved krysset der ein svingar av frå Riksvegen inn på vegen mot alpintenteret og Hovden Aust.

Omliggende fritidsbustadar har varierende arkitektur, utforming og omfang, men gjenganger er i hovudsak fritidsbustadar med mørk kledning og saltak.

4.5 Natur og landskap

Området består i hovedsak av høgfjellsskog med morene over berggrunn, det er også innslag av myr. I nord-aust grenser planområdet mot ein bekk som kjem ned frå Hartevaslii. Det er registrert artsforekomstar i planområdet.



Figur 7: Artsfunn (Kilde: artsdatabanken.no)

Den raude sirkelen indikerer funn av vipe (*Vanellus vanellus*), funnet er registrert 5.jun 2006 og er ein ikkje-validert menneskeleg observasjon. Arten er klassifisert som **sterkt truga**.


Vipa er ein vadefugl som har reiret sitt på bakken. Passande hekkeområder for vipe er aktivt dreve jordbruksmark, slåtteeng, beitemark eller nylig brakkmark. Dei har sine naturlege habitat i våtmarkar og strandenger. Planområdet er ikkje eit typisk habitat for vipa slik det ligg i dag, så området er sansynlegvis ikkje viktig for arten.

Det er også gjort funn av Lirype (*Lagopus lagopus*), orange sirkel. Denne er oransjelista og klassifisert som nær trua.

Ein planlegg å videreføre eksisterande bygg og bruk i områda der det er gjort funn. Nye byggeområder ligg aust for funnstedet for vipe og i funnområdet for Lirype opprettholdar ein eksisterande grøntstruktur og skiløype. Nytt bygg blir vest for dette funnet.

Områda er avsatt til parkering og bygg for tenesteyting i overordna plan. I ny plan vil enkelte av områda avsett til parkeing bli nytta til fritidsbustader og grøntareal i staden for parkering, men ein vil få drenering og igjenfylling av våtmark i området.


Deler av området er klassifisert som dyrkbar mark. Disse områda er i stor grad myrområde. Delar av desse områda vil bli bygd på eller nytta til veg eller parkering som ein følge av planen, mens noe vil bli nytta til grønstruktur eller løypenett. Då områda i dag ligg midt mellom eksisterande fritidsbustader og parkeringsareal i eit etablert fritidsbustadfelt, er det vår vurdering at det ikkje vil være særleg sannsynlig at nokon skulle ynskje å nytte områda til landbruk i framtida. Eksisterande bygg og eigerforhold, samt veger i området bidrar til å gjere utnytting av området til landbruk vanskeleg. Det er derfor vår vurdering at ein her kan nytte området til ynskja føremål sjølv om dette set til side omsyna til landbruk.



Figur 8: Dyrkbar mark (Kilde: miljostatus.no)


4.6 Flaum-, erosjon- og skredfare

Det er ikkje registrert områder med fare for ras og skred i planområdet eller i nærhet til planområdet. (Ngi.no, miljostatus.no, ngu.no)



Figur 9: Masser i planområdet (Kilde: NGU.no)

Ifølge NVE sine databaser så ligger planområdet innenfor aktsomhetsområde for flaum. Disse aktsomhetsberegningene er datagenererte og er grove. Det er ikkje historikk for flaum i planområdet. Det er planlagt å legge eksisterande bekk i røyr, i tillegg vil skiløype og kulvert fungere som ytterligere kapasitet for flaumvatn ved store vatnmengder i området. Å leggje bekken i røyr er også eit tryggingstiltak med tanke på fare ved isgang. Dette er særskild viktig då området hvor bekken ligg i dag er ein del av det offentlege løypenettet og mykje brukt til friluftsliv. Bekken ligg delvis i kulvert i dag. Det gjerast utgreiingar for kapasitet på kulvert ved byggesak og utarbeiding av tekniske planar.



Figur 10: Aktsomhetsområde for flaum (Kilde: nve.no)




4.7 Kulturminne og kulturmiljø

Dagens generasjon er forplikta til å forvalte kulturminne med respekt for dei som har levd før oss, og med omtanke for dei som kjem etter. Kulturminnelova har følgende definisjon av kulturminner og kulturmiljøer:

"Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter, tro eller tradisjon til.

Med kulturminner menes området hvor kulturminner inngår som en del av en større helhet eller sammenheng."




Figur 11: Kulturminner innenfor planområdet (Kilde: askeladden.no)


Det finnes 3 kulturminne i planområdet.



ID 91939-1 Kullgrop, fjerna



ID 99609-1 Kullgrop, fjerna



ID 99195-1 Kullgrop, fjerna

Ein har hatt dialog med kulturminnemyndighet om handtering av kulturminna i området. Dei som omfattes av den noverande planavgrensninga er allereie fjerna.

4.8 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområder

Hovden ligg i toppen av Setesdal omkansa av fjellandskap. Ryfylke-, Setesdals- og Austheiane som ligg i nærheten, gir planområdet en stor rekreasjonsverdi. Den norske turistforening har fleire oppmerkede løyper med utspring fra Hovden sentrum. Den viktigaste skiløpa som går frå alpintsentret opp mot Hartevatn går gjennom planområdet. Planen legg til rette for offentlige parkeringsplassar som skal sikre at allmenheten som skal nytte løypenettet har ein stad dei kan parkere. Fjellredningssenteret er også ei teneste som skal sikre eit godt sikkerhetstilbod til alle dei som ferdes i fjellet. Alle parkeringsplasser ligg nært til løypenett. I tillegg til turistforeningens lange ruter, ligger det også kortere løyper i naturlandskap i nærhet til planområdet.

Eksisterende grønstruktur innanfor planområdet blir oppretthalde i stor grad.

4.9 Trafikkforhald og kollektivtransport

Området har tilkomst frå Rv 9. Planen regulerar inn ny rundkjøyring på riksvegen, som forbinder denne med Skisentervegen og tilkomst til nytt Fjellregningssenter og eksisterande felt for fritidsbustader i området. Ein opprettholdar kulvert for kryssing av Riksvegen for løypenettet, og eksisternade gang- og sykkelveger. Ein får også ein ny kulvert under Skisentervegen før ny rundkjøyring for skiløype.

Ein vil også sanere dei tre avkøyrslane som ligg i området i dag inn i samleveg frå rundkøyringa.


Det er få rutebussar langs riksvegen. Planen omfattar ei busslomme på vestsida av Rv 9. Tilkomst til hytteområda i Hovden aust vil anten vere med privatbilar eller med buss til Hovden sentrum og skyss vidare derifrå. Ein har og ein del busstrafikk til reiselivsverksemdene – oppstillingsareal og areal for av – og påstiging skjer i hovudsak inne på desse.



Figur 12: Kulvert for skiløype (Kilde: eige foto)

4.10 Offentlige funksjoner

Planområdet ligger sentralt på Hovden, med kort avstand til sentrum med barnehage-, barne-, ungdoms- og videregående skole. Her ligger også idrettsanlegg og Hovden Badeland. I sentrum finnes dagligvarebutikk med post. Sør for sentrum ligg rutebilstasjonen med bussforbindelse til Haukeli i nord, eller Kristiansand i sør med avgang fleire ganger dagleg. Hovden sør næringsområde ligger om lag 4 km. sør for Hovden sentrum ved Hartevasdammen.



Figur 13: Oversikt over planområdets tilstøtende areal, med offentlige funksjonar. (Kilde: norgeskart.no)

4.11 Barns interesser og sosial infrastruktur

Området er åpent med skinn vegetasjon. Dette kan ha noe verdi for barn og unge i form av lek og fri utfoling. Det er ikkje registrert barnetråkk innanfor området. Området ligg ved skiløyper og vil etter utnytting nyttast av barn og vaksne i forbindelse med bruk av løypenett..


5 Planforslag

5.1 Formål

Hensikten med planarbeidet er å legge til rette for offentlig parkering og etablering av Fjellredningssenter, samt ivareta skiløyper og finne erstatningsareal for hytter som vert berørt av rundkjøyringa og parkeringsareal.

Planen regulerar også ny rundkjøyring som vil vere portal til Fjellbyen Hovden med alpintanlegg og skiløyper.

Nedanfor vises foreslått arealbruk innafør området. Reguleringsplanen er i i stor grad i henhold til kommunedelplanen for Hovden, og utløser ikkje krav om konsekvensutredning for anna enn område BFR og BAA.



Figur 14: Plankart (Kilde: COWI AS)

5.2 Arealbruk

Planområdet er på ca. 65 daa. Nedenfor blir foreslegne arealbruk innenfor området omtalt.

Arealtabell	
§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (m²)
BAA	1090
BE	43
BFR	2000
BG1	244
BG2	138
BKB1	4728
BRE	80
o_BSA	2102
o_BST	6169
Sum areal denne kategori:	16594
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (m²)
SF	400
o_SGS	2441
SKH	194
SKV	9675
SPP1	2953
SPP2	4119
SPP3	1955
SPP4	167
SVG	12302
SVT	866
Sum areal denne kategori:	35072
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	Areal (m²)
o_G	7564
Sum areal denne kategori:	7564
Totalt alle kategorier: 59229,6	

5.2.1 Bygg og anlegg

Fritidsbustadar, BFR.

I planforslaget kan ein bygge nye fritidsbustader i form av vertikaldelte dobbelthytter. Disse skal vere ei erstatting for dei fritidsbustadane som ligg i området i dag, og som må rivast som eit resultat av utbygginga.

Høgder på tomtene og plassering av bygg skal vere tilpassa naturleg terreng på tomt og landskap. Høgde på grunnmur og terreng før og etter skal gå frem på fasade- og snitt tegninger. Bygningene skal plasserast slik at dei bryter minst mulig med naturlinjer i området.

BYAer satt til maks 265m² per doble hytte.. Byggegrense er i formålsgrensa. Parkering vil vere på område SPP4 og i garasjeanlegg på BG1. Mønehøyde skal ikkje overstige 6,5 m målt frå overkant golv 1.etasje.

Garasjeanlegg for bustader- / fritidsbustader (BG1-BG2)

BG1

Område skal nyttast til nytt garasjeanlegg for fritidsbustader på BFR.

BG2

Område skal nyttast til eksisterande garasjeanlegg for fritidsbustadar i maks 1 høgde. Dersom garasje blir flutt skal området nyttast til grønt føremål.

Renovasjonsanlegg (BRE)

Område skal nyttast til eksisterande renovasjonsanlegg for fritidsbustadar i maks 1 høgde. Anlegget skal vere felles for eksisterande og nye fritidsbustader og offentleg bygg.

Energianlegg (BAE)

Område skal nyttast til trafo i maks 1 høgde.

Forretning/tenesteyting (BKB)

Område skal nyttast til fjellredningssenter med brannstasjon og garasje for løypemaskinar. Ein kan også nytte området til forretning knyta til turistversemnd og anna tenesteyting. Maks BRA er 2000m².

Område BOP1

Område skal nyttast til bygg for offentleg og privat tenesteyting i maks mønehøgde 9 meter over ferdig innvendig gold 1.etasje. Ein kan også nytte området til forretning i tilknytning til turistføremål eller tenesteyting.

Det skal etablerast bygg for fjellredningssenter på området. Området kan også nyttas til parkering for dei som arbeidar på eller besøker senteret.

Kombinerte formål – Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitt hovudformål; Anna særskilt formål/fritidsbusetnad (BAA)

Det kan byggast bygg med mulighet for overnatting knyta til drifta av offentlig eller privat tenesteyting på BKB og BAA på området. Her skal ein etablere bygg for Røde Kors med beredskapsbunden overnattingsmoglegheit. Om ein ikkje treng tomte til dette formålet kan ho i framtida nyttas til fritidsbustader. Maks mønehøgde er lik med BFR.

Skiløypetrasé (BST1-BST4)

Områdane skal nyttast til skiløype og turvegtrasé. Drenering og arronderingstiltak tillates innanfor bredda av traseen.

Der det er nødvendig for å opparbeide traseen kan eksisterande bekk leggast i rør.

Det skal anleggast kulvert for planfri kryssing av Skisentervegen og Rv 9.

Skianlegg (BSA)

Område skal nyttast til område for tråkkemaskin og kan ryddast for trær og andre vekstar.

Der det er nødvendig for å oppnå framkommelege forhold for maskinen kan eksisterande bekk leggast i rør.

5.2.2 Samferselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg (SKV)

Det skal opparbeidast vegar, ny rundkøyring og avkøyrslar, samt internveger for tilkomst til nye og eksisterande områder for fritidsbustader, tekniske bygg og parkeringsplassar.

Rundkjøringa vil vere portal til Fjellbyen Hovden. Belysning / utforming og utsmykking skal underbygge dette, samstundes om den må ta omsyn til snø, sikt og anna.

Gang- og sykkelveg (SGS)

Områda er avsett til gang- og sykkelveg.

Fortau (SF)

Områda er avsett til fortau

Kollektivhaldeplass (SKH)

Områda er avsett til kollektivhaldeplass. Det skal anleggjast kollektivhaldeplass med tilhøyrande ventebu.

Parkeringsplassar (SPP1-6)

Områda er avsett til parkering. Områda kan også nyttast til snølagring ved behov, der dette ikkje er i konflikt med siktsonar.

Område SPP1

Området skal nyttast til offentleg parkering.

Område SPP2

Området skal nyttast til offentleg parkering.

Område SPP3

Området skal nyttast til offentleg parkering

Område SPP4

Området skal nyttast til parkering for område BFR.

Anna veggrunn – tekniske formål (SVT)

Områda er avsett til teknisk infrastruktur tilknytt veg og gang- og sykkelveg.

Område i senter av rundkøyring kan avsettast til dekorative element. Desse må avklarast og søkas om hos vegmyndighet før dei kan oppførast.

Anna veggrunn – grønnstruktur (SVG)

Områda er avsett til grøntområde tilknytt veg og gang- og sykkelveg. Areal kan nyttast til snøopplag der dette ikkje er i konflikt med siktsoner. Det kan utførast arrondering til veg, gang- og sykkelsti og skiløyper i desse areala, og det tillates endring av terreng for å ta opp nødvendige høgdeforskjellar mellom veg/gang- og sykkelsti og skiløypeundergangar

5.2.3 Grønstruktur

Alle grøntområda skal være offentlege. Område som er avsett til grønstruktur kan ikkje byggast på, og skal være tilgjengeleg for allmennheten.

5.2.4 Sone med angitte særlige hensyn

Sikringssone, Frisikt (H140)

Områda er frisiktareal og skal sikre frisikt, det er ikkje lov med plantar, møblar eller bygg i områda.

Sikringssone, Høgspenningsanlegg (H370)

Områda er føresegningsområde for høgspenningsanlegg. Det tillates ikkje bygg for varig opphald i dette området. Områda kan nyttast til bygg dersom høgspenningslinja leggast i kabel i bakken.

Rekkefølge krav infrastruktur (H430)

Områda har infrastruktur med VA-anlegg i bakken. Desse lendingane kan ikkje byggast oppå, og må flyttast til anna trasé før ein kan nytte areala til bygg.

Det er også knytt krav til eksisterande avkjøyring til Riksvegen. Denne kan oppgraderast og nyttast som tilkomst til området med nye bygg og eksisterande og nye hyttefelt og vil tole ei auke i tal påeiningar i dei planlagte hytteområda som nytter tilkomsten i dag som mellombels trafikkøysing til rundkjøyring er etablert.

6 Konsekvenser av foreslåtte tiltak

6.1 Generelt

Planforslaget er i stor grad i henhold til kommunedelplanen for Hovden. Bykle kommune ynskjer rundkøyning, Fjellredningssenter og parkeringsareal i området, og det blei derfor sett av til veg, offentlig og privat tenesteyting og parkering i Hovden kommunedelplan 2013-2025. Planområdet har kort avstand til Hovden sentrum samt skianlegget, og planforslaget vil bidra til at allmenheten får gode parkeringmoglegheiter nært eksisternade løypenett, samt at redningstenester knytt til aktivitet i fjellet blir godt og strategisk plasserte nært dei områda dei skal betjene. Ny rundkøyning blir ein ny inngangsport til alpintsenderet og løypenettet på Hovden.

6.2 Landskap

Planområdet må bearbeides for å legge til rette for nye atkomstveger, bygg og parkeringsplasser. Det er lagt opp til at mønehøyde skal ikke overstige 6,5 m målt frå overkant ferdig innvendig gulv for fritidsbustader. Ein vil i den grad dette er moglig behode delar av "kollen" som ligg i området. Sjølv om det blir mindre grøntområder innanfor planområdet enn i dag, anses konsekvensane som små. Ved å bygge ut et område som allerede inneholder hyttebebyggelse til et føremål gom gagnar allmenheten, anses dette som positivt iforhold til å skulle bygge i et området der det ikkje er eksisternde bebyggelse.

6.3 Naturmangfold

Planområdet er regulert til veg (rundkøyning), tenesteyting, fritidsbustader, parkering, grønstruktur og skiløyper. I henhold til naturmangfoldlovens § 7 er tiltaket vurdert ut ifra prinsippene i lovas §§8 – 12. Under følger redegjørelse for hvordan disse prinsippene er vurdert og vektlagt:

§8 – Kunnskapsgrunnlaget:

Innanfor planområdet har man god kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand. Området er vurdert ut ifra kjent kunnskap og befaringer på planområdet. Artsdatabanken, Naturbase og miljøstatus.no er lagt til grunn når området er blitt vurdert.

§9 – Før-var-prinsippet:

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfoldet er godt, og verknadane av planen omtales nedanfor.

På planområdet er det gjennomført registreringer med tanke på ovennevnte, og det er registrert to arter med verneomsyn i planområdet.

§10 – Økosystemtilnærming og samlet belastning:

På grunn av tiltakets størrelse og omfang, samt det er i området det er gjennomført registreringar med tanke på ovennevnte hvor der er registrert arter eller som risikerer å ta skade av inngrepet, vil planforslaget ikke være ein endring som kan medføre negative konsekvensar for naturmangfold. Området der ein har observasjonane vil holdes som det er i dag, reguleringa er i dette området berre ein fastsetting av dagens situasjon.

Ser man da på den totale belastningen på bakgrunn av punktene som er beskrevet ovenfor og vurderer ein tiltaket i ein større sammenheng, må man se hvordan tiltaket kan virke inn på andre økosystemer. I dette tilfellet er det ingen andre økosystemer som vil ta skade av tiltakene som er planlagt på planområdet.

Ein vil berøre nokre myrområder som må fyllast igjen for å få byggegrunn eller parkeringsareal, men disse er ikkje av ein størrelse som gjer dei unike eller av stor betydning for området.

§12 – Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder:

Ved opparbeidelse av planområdet vil det blitt tatt forhåndsreglar som gjer at ein unngår skadar på naturmangfoldet ihht til gjeldende lover og forskrifter på planområdet. Vurdert ut ifra nåværende og framtidig bruk, samt tiltakets størrelse og lokalisering i forhold til eksisterande fritidsbustadområder, utdanningsinstitusjoner, befolkningsvekst og økonomi, er vi av den oppfatning av at tiltaket samlet sett vil være hensiktsmessig for samfunnet.

6.4 Kulturminner

Det er registrert tre kulturminner innenfor området. Tre av kulturminnene er fjerna.

Det har vært dialog med fylkeskonservatoren i Aust-Agder angående kulturminne.

6.5 Teknisk infrastruktur

Det skal utarbeides plan for vann og avløp og el-anlegg for planområdet. Denne skal være godkjent av kommunen før det kan gis tillatelse til nye bygg og anlegg. Kommunalteknisk infrastruktur regnes som god og kommunens hovedtrasé går gjennom området. Nokre av dei eksisterande ledningane går under byggeområder, det er avsett omsynssoner til dette i planen. Ledningar må flyttas før areala kan nyttast der ein har omsynssonar.

Eksisterande søppelbod BRE kan nyttas av eksisterande og nye fritidsbustader i området.

6.6 Barn og unges interesser

Område slik det fremstår i dag består av mye skog, og er ikke tilrettelagt spesielt for barn og unge, med unntak av løypetrasé.

Områdeplanen for Hovden sentrum som ble vedtatt i 2016 legger særlig til rette for trafikksikring for myke trafikanter. Planen er ein oppfølging av denne planen, og det er lagt opp til gang- og sykkelveger i området. Skiløper får planfri kryssing av Riksvegen.

6.7 Risiko og sårbarhet

Det har blitt utført en Risiko- og sårbarhetsanalyse for område. Denne har registrert følgende hendelser:

- › Flaumfare - som er sannsynleg, men ikkje særlig farleg og medfører skadar i størst grad på bygg og vil utbetrast gjennom opparbeiding av flomveg i skiløype
- › Isgang – som er farleg og kan medføre personskaade, men vil betras gjennom planforslaget ved at bekken leggjast i røyr der ein har mest ferdsel.

- › Bortfall av elektrisitet og nett – som er svært sannsynleg, men ikkje farleg for anna enn beredskapssituasjon, og vanskeleg å gjære noko med.

6.8 Økonomiske konsekvenser for kommunen

Det vil bli kostnader for kommunen i samband med opparbeiding av rundkøyning og parkeringsplassar for løypenett, det vil truleg også bli konsekvensar knytt til sjølve løypenettet og frigjevelse av eksisterande fritidsbustader.

6.9 Avveging av verknader

Det er ikke avdekket nokre spesielle negative konsekvensar av ynskja utnytting av planområdet. Planforslaget er ei positiv utvikling for Hovden og Bykle kommune i form av et godt plassert Fjellredningssenter, ein ny "inngangsport" til Ski og alpintalegg i form av ei flott rundkøyning og nye, attraktive offentlege parkeringsplassar som sikrer allmennheten god tilgang til løypenett.

7 Planprosess

7.1 Innkomne innspill og merknader

Planarbeidet er lagt opp med utgangspunkt i Plan- og bygningslovens krav til informasjon og medvirkning. Allmennheten og berørte parter fikk i første omgang informasjon om planarbeidet ved varsling av igangsatt detaljregulering av planområdet i avis, brev og på internett.

Informasjon om det endelige planforslaget gis gjennom offentlig ettersyn. Planarbeidet ble varslet 8. april 2017, med frist for å inngi merknad 10. mai 2017, med utsett frist for nokre av dei offentlige høringsinstansane. Under følger innkomne merknader til varsling om oppstart av planarbeid, samt COWIs kommentarer til merknadene: Innkomne merknader:

Dato	Innkomne merknader	Merknad	COWIs kommentar
3.mai 2017	Aust Agder Fylkeskommune	Ynskje om å få oversendt sosi eller shape- fil av avgrensninga av planen til bruk i vidare saksbehandling.	Sosi-fil er oversendt 3.mai 2017.
26.april 2017	Barn og unges representant	Stiuller spørsmål om det er planlagd ein undergong.	Ja, det er planlagd ein ny undergong for skiløype under Skisentervegen i tillegg til den som ligg i dag under Riksveg 9. Gang- og sykkelveger krysser i plan.
12.juni 2017	Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	Minner om at ein skal gjennomføre ROS-analyse og at ein skal ta omsyn til naturmangfald i planlegginga. Ber særskilt om at bekkar som går gjennom planområdet tas omsyn til i planlegginga. Dei har også ynskje om at ein vektlegg det estetiske og ivaretar landskapsomsyn i planlegginga. Fylkesmannens miljøvernaveiding er positiv til etablering av skiløypeundergang i området.	Det er utarbeida ROS-analyse. Ein har 3D-modeller som viser bygg plassert i området. Bekk er lagt i rør av omsyn til trygg ferdsel og flaumproblematikk.
20.juni 2017	NVE	NVE er særskilt opptatt av flaum og skredfare i området og ber om at de blir oversendt alle fagkyndige utgreiinger som er gjort i forbindelse med planarbeidet. Areal som er utsett for flaum må ha omsynssone i planen og tilknytted føresegn som forbyr eller set vilkår for utbygging.	Det er vilkår for utbygging for flaumutsette områder som knyter desse opp mot flaumsikringstiltak av bekk.
Møte 06. juli 2017	Statens Vegvesen	Statens vegvesen er opptatt av vedlikehald av rundkøyringa i forhold til løypetrasear; her er det viktig at ein har ei utforming som gjer at ikkje stein og anna frå snørydding av veggen havner i løypa. De er også opptatt av at rundkøyringa blir ein slags portal for Hovden og bør ha ei utforming som gjer at ho fungerer som eit slags "reklameskilt" for regionen. Ho kan gjerne ha utsmykking, så lenge dette ikkje er til hinder for sikt. T.d reinsdyr	Utforming av ny kulvert blir lik den eksisterande som etter det vi har fått opplyst fungerer godt med tanke på vedlikehald. Det blir opna opp for å ha utsmykning i midten av

		<p>(forslag). Statens vegvesen mener at rundkøyninga ikkje er naudsynt her med tanke på trafikkmengde, så da er det enda viktigare at ho er estetisk godt utforma, og at ein overhalder krav til utforming og sikt. Derfor bør kryss/utkøyning frå fjellredningssenteret og frå internveger legges så langt unna rundkøyninga som mogleg, sånn at ein ikkje får kø-problematikk ut i rundkøyninga når fleire skal ut frå parkeringsplassane og ut i rundkøyninga.</p>	<p>rundkøyninga så lenge denne ikkje er i konflikt med sikt, og SVV får uttale seg i saka. Ein har plassert utkøyningar og kryss så langt unna rundkøyninga som mogleg, og ein har no ca 50m frå rundkøyning til nærmaste utkøyning.</p>
--	--	---	--